

# Noregs Ungdomslag

Drammensv. 2 – Oslo

VESTLANDSKONTORET

Strandgt. 77 – Telf. 17 507

BERGEN

Oslo/Bergen, poststemplet sin datum.

Til Ungdomslaget!

Me ynskjer godt år og lukka til med arbeidet. Me finn det rettast å gjera Dykk kjend med at Noregs Ungdomslag no som før held seg til det gamle ordtaket «Med lov skal land byggjast.»

I vande krisetider som dei me gjennomlever no, vil det alltid henda at ein og annan til skade for ei god sak, kan koma til å gjera ting som ikkje er til bate korkje for saki eller den som missfer seg. I det samskipingsarbeidet som hev vore drive på Vestlandet sidan februar ifjor hev det og vore nytta ordelag og arbeidsmåtar som landssamskipnaden ikkje er tent med og som landsstyret difor må taka avstand frå. De vil minnast, at etter påbod av Innenriksdepartementet, dagsett 23. februar f. å., skulle alle ungdomslag i bygd og by samlast i ein stor og vidfemnande organisasjon. Det var heilt naturleg at det vart vår gamle samskipnad som kom til å verta denne samlande organisasjonen. Undanteke frå nemnde påbod var kristlynte ungdomslag, fråhaldslag, og bondeungdomslag som frå før var tilmeldt Noregs Bonde-samband.

Det var gjeve tilsagn om at ungdomslagi skulde vera fri for all politisk innblanding. Det skulle heller ikkje koma krav om politisk medlemskap. Men det sa seg sjølv at etter dei vonde hendingar av politisk natur sume stader i landet, so måtte styremaktene krevja av oss, at all illegal politisk verksemd innan ungdomslag eller ungdomshus måtte haldast burte.

Landssamskipnaden fann at dette var eit rimeleg krav, sett på bakgrunn av at Noregs Ungdomslag framleis skulle få vera ein fri og sjølvstendig organisasjon.

Når samskipnaden vart knytt til Kultur- og Folkeopplysningsdepartementet, so var det berre ei logisk fylgje av at Noregs Ungdomslag ogso frametter skulle vera den kulturberande organisasjonen i landet.

Arbeidsvore er me knytt til kulturkontoret i nemnde departement, og Noregs Ungdomslag sin landsleidar er konsulent ved dette kontor og er soleis vår frie målsmann andsynes statsmaktene.

Me nemner ogso at Noregs Ungdomslag er einaste organisasjonen som er representert i det norske Kulturtinget, der samskipnaden hev tvo målsmenn.

Dei som vil minnast lovi åt Noregs Ungdomslag slik ho var, vil sankjenna at fyremålet då og fyremålet no er nett det same. Me kan helst leggja til at fyremålet er endå meir norsk enn før, med di at no er det teke med eit lovfest krav om at samskipnaden ogso skal fremja vår nasjonale kultur.

Dette hev ikkje vore lovfest før, nett av di det var hundrardtals lag som då ikkje vilde vera med i samskipnaden.

Arbeidsoppgåvone er ogso meir skiftande og laglege å arbeide etter.

Før ein landslut som Vestlandet, som før nokon annan heisa norskdomfana, må det vera kveikjande å sjå at fyrste arbeidsoppgåva åt Noregs Ungdomslag i dag er å fremja og dyrka det norske målet.

Me legg elles ved eit eksemplar av lovene.

Me vil be om De set Dykk inn i lover og arbeidsfyremål og på ærleg og frilynd vis taka dei opp til samvitsfull gransking. Gjer De det, er me visse på, at all mistyding og illvilje vil kverva av seg sjølv. Dette hev óg synt seg i andre landsluter. Me peikar soleis på at fylkeslag og ungdomslag t. d. i Trøndelag attpåtil vedtok samrøystes sterke oppmodingar til annan ungdom om å halda fram med arbeidet. For det er rett, som det ogso hev vore peika på i denne tid, at samlingsmerket åt Noregs Ungdomslag framleis er norskdom og kristendom. (Vedtaki er prenta i «Norsk Ungdom» i nr. 9 i fjor.)

Me vil ogso nytta høve til å gjera kjent at det vert ei omskiping av Vestlandskontoret vårt. Det vert m. a. tilsett ny kontorstyrar. Me vil vona at det vert ein mann som hev samkjensla med dei unge, og kjennskap til vestlandsk folkelynne og folkehug.

Di nest er det vårt varme ynskje at arbeidet ogso vil auka Vestlandet over, slik som tilfelle er i andre landsluter. Hjå oss skal den frilynde Vestlandsungdomen no som før kunna møtast i eit byggjande og tillitsfullt samarbeid til gagn for alle.

Me sender vår beste helsing og ynskjer Dykk velkomne i samarbeid for sams sak og norske hugmål.

FOR LANDSSTYRET I NOREGS UNGDOMSLAG,

**Eiliv Trahaug,**  
landsleidar.

FOR VESLANDSKONTORET,

**Asbjørn Berntsen,**  
(fyrebils styrar).